

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Olav Grov
Arkivsaksnr.: 20/1745

Arkiv: U62

Lokale til bruktbuikk - kommunal støtte

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune støttar etablering av bruktbuikk i Pyramiden.

I prosjektperioden på 3 år frå 01.08.20 garanterar kommunen for samla husleige på 400.000 i året mot at bruktbuikken refunderar noko av leiga etter ein modell som er progressiv i høve omsetning, jf skissa i saksutgreiinga.

Prosjektet vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Rådmann har fullmakt til å inngå avtale.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg: Notat frå Luster Frivilligsentral

Samandrag:

Det har vore bruktbuikk og utstyrssentral i regi av Luster Frivilligsentral i «yrkesskulebygget» i noko tid. Erfaringane frå dette arbeidet er gode. Alt arbeidet i butikken og utstyrssentralen vert gjort av friviljuge.

Det vert no vurdert å flytte bruktbuikken meir sentralt, til ledige areal i Pyramiden. Ei sentral plassering vil kunne gje meir omsetning. Det vil og gje inntekter til Pyramiden AS.

Ombruk er viktig i eit miljøperspektiv. Rådmannen tilrår at Luster kommune deltek med støtte til husleige.

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret

Fakta:

Det har vore bruktbuikk og utstyrssentral i regi av Luster Frivilligsentral i «yrkesskulebygget» i noko tid. Erfaringane frå dette arbeidet er gode. Luster Frivilligsentral skriv slik i notat til Luster kommune:

Driftsforma i dag byggjer berre på frivillige, noko som er særst positivt og ikkje minst avgjerande for økonomien. Desse frivillige, saman med elevane frå LUS, er initiativrike, kreative og set si ære i å gjere ein god jobb. Dei har verkeleg auge og tankar for korleis bruktbuikken skal presenterast på ein god måte. Målsetjinga vår; er å få fokus på gjenbruk, «brukt er bra» og samtidig ivareta miljøet vårt. Samstundes som Luster frivilligsentral får inn midlar som kjem svært godt med i dei mange gode tiltaka/aktivitetane for ulike grupper i Luster kommune. Dette er også ein driftsmodell som er momsfri.

Det har vore arbeidd med å auke aktiviteten til bruktbuikken og få eit lokale som ligg sentralt i Gaupne. På Pyramiden har det vore eit større ledig areal dei siste par åra. Dette arealet har synt seg vanskeleg å finne leigetakarar til. Eit såpass stort ledig areal er ei utfordring økonomisk for eigedomsselskapet Pyramiden AS. Det gjev og eit dårleg intrykk i senteret med store ledige areal.

Det har vore ei drøfting med styret i Pyramiden AS om ei ordning der Luster Frivilligsentral kan leige desse areala til bruktbuikk og utstyrssentral. I desse drøftingane har det vore føresett at Luster kommune medverkar til leigekostnadane i alle fall i ein prosjektperiode på tre år. Då vil Pyramiden få leigeinntekter og Luster frivilligsentral får romslege lokale som ligg svært gunstig til for å drive bruktbuikk.

Luster Frivilligsentral planlegg slik drift:

Me ynskjer i første omgang å drifte butikken slik den er organisert i dag:

- *Berre med frivillige.*
- *I dag er det 12 frivillige kvinner som driftar butikken.*
- *Også eit samarbeid med Luster ungdomsskule og valfaget «Innsats for andre».*

- *I dag har me ei opningstid på torsdag, fredag og laurdag.*
- *Er innstilt på at opningstidene må utvidast noko ved innflytting i Pyramiden. Av den grunn må fleire frivillige rekrutterast.*

På sikt kan det vere ynskjeleg å ha eit tettare samarbeid med NAV Luster med tanke på arbeidstrening. Luster Frivilligsentral har god erfaring med å samarbeide med NAV Luster og opplever dette som ein «vinn-vinn situasjon» for alle partar. Også andre samarbeidspartnarar kan vere aktuelle.

Frivilligsentralen har og bygd opp ein utstyrssentral, dei skriv slik om denne:

Luster frivilligsentral starta opp Luster utstyrssentral i febr. 2017. Målsetjinga med tilbodet var at alle barn og unge skulle få kome seg ut i aktivitet sjølv om dei mangla utstyr. Dei kunne låne gratis utstyr hjå utstyrssentralen. Dette var også knytta opp til Barnefattigdomsprosjektet som starta opp i Luster kommune v/prosjektleder Trine Anita Systad. Undervegs har Luster frivilligsentral brukt mykje tid på å søke om økonomiske midlar til å bygge opp ein innhaldsrik utstyrssentral til glede for innbyggjarane i Luster, særleg knytta opp til barn og unge. Skulane og barnehagane i Luster har nytta seg av dette tilbodet. Lån av utstyr skjer gratis til innbyggjarane i Luster kommune.

Innkjøp av utstyr har skjedd over tid. Våren 2016 vart det innkjøpt 4 sykklar, 2 kanoar og litt anna aktivitetsutstyr som slakk line osv. I 2017 vart det innkjøpt grunnleggjande turutstyr som tursekkar, liggjeunderlag, stormkjøkken, fiskestenger og gåstavar. I januar 2018 vart det innkjøpt mykje vinterutstyr som ski, skisko og skistavar. I januar 2019 vart det innkjøpt store mengder vinterutstyr som felleski, skisko og stavar. Det er også supplert med vinterutstyr som skikjelke og akebrett. Det er kjøpt inn fleire sykklar til juniorar og fleire vaksensykklar. I tillegg er det supplert med sykkelhjelm og sykkelåsar. For å auke interessa for friluftsliv er det kjøpt inn redningsvestar, flytevestar, ulike typar telt og hengekøyer. Dette utstyret er også tenkt å nyttast på tilbodet FriMoro. I februar 2020 vart det innkjøpt vinterutstyr som er tenkt brukt i den nye friluftslivgruppa – FTU. «Friluftsliv tilrettelagt for funksjonshemma» er ei undergruppe i Luster Turlag som var tenkt å starte opp i vår. COVID-19 har satt ein stoppar for dette og oppstart vil skje hausten 2020. Luster utstyrssentral har i dag utstyr til ein verdi av ca. kr. 300.000.

Luster utstyrssentral har vore fysisk plassert på litt ulike stadar i Gaupne sentrum. Det starta med at utstyrssentralen fekk lagerplass ved Grandmo lagshus i ein garderobe som stod ubrukt. Garderoben vart nytta frå 2017 – 2018. I januar 2019 flytta ein utstyrssentralen over i eit lokale i Friskhuset. Her er det eit ledig rom i bakkant av bruktboutikken.

Pr. i dag vert utstyrssentralen administrert av Luster frivilligsentral. Det har vore ynskje om å knytte til seg andre samarbeidspartnarar som ATS, men det har ikkje lukkast enno. Frivilligsentralen ser vidare på ulike løysningar for samarbeid.

Det er pr. i dag viktig at bruktbuikken og utstyrssentralen ligg fysisk nær kvarandre. Dette med tanke på administrasjon og effektiv drift.

Det er komme eit tilbod frå styreleiar i Pyramiden AS om å leige det aktuelle arealet, der det heiter:

Syner til vedlagt teikning av ledig butikkareal i Pyramiden 2 , med tilhøyrande opphaldsrom , kontor, kjøkken og 2 toalett. Butikklokalet har eigen inngang frå vest, og stor rulleport mot fellesareal ved inngangen til handlesenteret frå nord. I tillegg er det lager bak noverande leikerom, med inngang frå dette.

Styret i Pyramiden AS er informert om at Luster kommune i samarbeid med Luster Friviligsentral (LFS) ynskjer å flytta aktivitetane til LFS inn i lokala her omtala. Luster kommune har sett fram ynskje om ein fast pris i 3 år frå avtaledato.

Pyramiden AS har kome med eit tilbod om at Friviligsentralen kan nytte om lag 400m² til bruktbuikk og utstyrssentral. Det skal betalast ei leige på 400.000 kr årleg (fastpris) i ein prøveperiode på tre år. Denne leiga inkluderer og straum, vedlikehald og vask av fellesareal.

Friviligsentralen betalar ikkje mva så lenge dei berre har friviljuge til å arbeide med bruktbuikken.

I 2019 hadde bruktbuikken ein omsetning på 166.000.

Bruktbuikken har ikkje betalt leige/straum/avg. i «yrkesskulebygget.»

Alt dei tener på i bruktbuikken vert nytta til gode tiltak til i Lustrasamfunnet. Døme på slike tiltak er ma:

- Drift av leksehjelp for elevar i ungdomsskule og vidaregåande skule (me har hatt kapasitet til å ta imot elevar også frå barneskule). Drift dekkar servering (juleavslutning og sommaravslutning), drikke og køyregodtgjersle for leksehjelparar som bur lengre vekk enn 5 km.
- Gratis kulturtilbod/teater 1 gang i året i regi av «Juleglede». Dekkar deler av utgifter.
- «Kom deg ut dagen» i febr. Samarbeid med Barnas Turlag. Dekkar transportutgifter tur/retur (minibuss).
- Vinterleikar for personar med funksjonsnedsetjing. Dekning av transportutgifter til minibuss.
- Radiobingo for dei som bur på omsorgssenter/eldresenter/heimebuande. Dekkar servering.
- Seniorettreff for heimebuande. Dekkar utgifter til gevinstar v/bingo.
- Pengegåve til valfaget Innsats for andre på LUS. Elevane planlegg og gjennomfører eit arrangement. I fjor arrangerte dei felles elevkveld med Hafslo barne- og ungdomsskule. Servering av mat og snacks. I år er arrangement avlyst grunna COVID-19.
- Rickshawsyklane. Dekkar drift, vedlikehald av syklane og medlemskap «sykling utan alder-Norge».
- FriMoro. Har dekkja 50% av kostnadane på t-skjortene til deltakarane.

- Generasjonstur til Feigefossen. Samarbeid med Luster turlag. Dekkar 50% av transportkostnadane (minibuss).
- Internasjonal dag/FN-dagen. Delvis dekning av ulike utgifter.
- «Juleglede». Gjev ei pengegåve til tiltaket.
- Kjøp av utstyr til Luster utstyrssentral.
- Støtta «Svadlekroken» med møblar/utstyr.

Vurdering:

Det er eit aukande fokus på gjenbruk og resirkulering både nasjonalt og internasjonalt og det ligg no til rette for at dette og kan få auka fokus og eit løft også her lokalt.

SIMAS planlegg ny og «moderne» miljøstasjon på Røneidsgrandane. Ombruk og resirkulering vil få eit sterkt utvida fokus. Bruktomsetning, bruktbuikk vil såleis vere meir aktuelt i det konseptet også. Utover ein ev bruktbuikk i Pyramiden må ein sjå nærare på ordningar med omsetjing av varer som det ikkje er naturleg å ha i den butikken og ein må etablere ordningar/logistikk slik at ulike ting/varer som vert levert inn på miljøstasjonen kan gå vidare til bruktbuikken.

Større ting som til dømes brukande bygningsmaterialar vil det vere naturleg at miljøstasjonen sjølve syter for ombruk av. Også for ein del andre varer må det gjerast nærare vurderingar for ev omsetningsform, brune og kvitevarer er døme på dette.

Så langt er det tenkt at ved sida av Simas så kan og kommunen engasjere seg noko i dette arbeidet. Det kan til dømes vere oppgåver der ATS får ein rolle. Sortering, demontering, klargjering, reperasjon og transport er oppgåver å drøfte opp mot/ i tillegg til butikkomsetninga.

Simas har planar om at ny miljøstasjon kan takast i bruk i løpet av 2021/hausten 2021, men dette er no under nærare planlegging.

Det vil vere positivt å få bruktbuikken over i nye og større lokale og Pyramiden vil vere ei god lokalisering. Det vert vurdert som betre enn eit alternativ med å kople det til miljøstasjonane, noko som vert valt nokre andre stadar i landet.

Med større lokale og lokale i Pyramiden bør det liggje godt til rette for å auka omsetnaden vesentleg. Det ligg ikkje føre vurderingar på kor mykje og det er ein vanskeleg spådom. Det er likevel ein enkel spådom at ein bruktbuikk, med slikt konsept, dei næraste åra ikkje kan svara normale husleiger. Vil me dette så må kommunen spele ein sentral rolle for ein periode.

Til dette kjem og at Pyramiden sårt treng å fylle opp ledige lokale og leigeinntekter. Dette er og eit element i saka.

Det vil kunne vere aktuelt å flytte til nye lokale i løpet av sommaren. (01.08.20 ?) .

Det har vore drøfta om Frivilligsentralen skal betale noko i «husleige» .

Frivilligsentralen meiner at det er gode argument for at dei skal sleppe å betale leige. Dei er ein organisasjon som baserer heile drifta av butikken med friviljuge og ynskjer generere mest mogleg midlar til gode tiltak i Luster, jf opplistinga over.

Dei er redd for at krav om husleige vil demotivere når det gjeld den frivillige innsatsen som dei er avhengige av.

Rådmannen har forståing for synspunkta, men meiner likevel at det er rimeleg at aktiviteten bidreg noko, jf og at driftsutgifter som straum samt vask av fellesområde inngår. Det er krevjande at det på område godt utover «skal-oppgåvene» vert peika på at kommunen skal betale og til og med betale alt.

Utan at det er noko direkte samanheng så er Frivilligsentralen sitt budsjett for 2020 i kommunebudsjettet på 643.000, der statstilskot pr no og pårekneleg i 2021 dekkar 427.000 og kommunen resterande 216.000. Det er og ei god oppdekking samalikna med andre frivillegsentralar.

Rådmannen skisserar ein modell som søker å balansere argumentasjonen frå begge sider. I prosjektperioden vert det lagt opp til å knyta refusjon for husleige til omsetning der refusjon vert progressiv med auke på 10.000 pr 100.000 i omsetning. Det betyr at av ei omsetning på 100.000 betalar ein 10.000 i leige og beheld 90.000, av dei neste 100.000 betalar ein 20.000 i leige og beheld 80.000 og så 30/70, 40/60.... Altså om omsetningen vert 300.000, som kan vere realistisk, så betalar ein 30.000 i leige og min 270.000 går til frivilleg tiltak. Detaljar kan avtalast nærare.

Etter rådmannen si vurdering er dette svært generøst og utover 3 års prosjektperioden må ein vere budd på å svare meir normale driftsutgifter. Alternativt kan husleigemodellen vere ytterlegare progressiv. Atter alternativt kan ein ha eit prøveår utan leige og så ta ei nærare drøfting av modell. For år 2 og 3 vil så rådmannen føreta ei ny vurdering basert på erfaringane frå fyrste året med drift av bruktbuikk.

Rådmannen tilrår at Luster kommune støttar etablering av bruktbuikk i Pyramiden. I prosjektperioden på 3 år frå 01.08.20 garanterar kommunen for samla husleige på 400.000 i året mot at bruktbuikken refunderar noko av leiga etter ein modell som er progressiv i høve omsetning, jf skisse i saksutgreiing.

Prosjektet vert finansiert via næringsfondet.

Dato: 29.05.20

Jarle Skartun
rådmann

Olav Grov
Næringsjef

Særutskrift skal
sendast:
Jomelhei@online.no
[post@luster.frivilligse
ntral.no](mailto:post@luster.frivilligse
ntral.no)

m/kopi til:
Berit Tandle Kroken